



Statens vegvesen

Arnfinn Halland
Solendveien 62
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/175732-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.01.2017

Svar – Avkøyrsløse – Utvida bruk – Fv. 565 – Gnr. 60 bnr. 18 – Radøy

Vi syner til søknad dagsett 15.11.2016.

Vedtaket:

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsløse frå fylkesveg til eigedomen gnr. 60 bnr. 18, *vår referanse Fv. 565 hp 50 km 0,517*. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

Vilkår for løyvet:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn sett desse vilkåra for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samhøve med Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentlig veg gitt av Vegdirektoratet 16.7.1964 og Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg gitt av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt foran.
3. Løyvet gjeld for dette føremålet: Einebustad.
4. Frisiktsona skal vere 4m x 45m, der 4 meter er målt frå vegkant inn i avkøyrsløse og 45 meter sikt i kvar retning. Det skal ikkje vere noko sikthindrande element over 0,5m i planet mellom avkøyrsløse og fylkesvegen. Svingradius skal vere 4 meter. Krava til frisikt, stoppsikt og geometrisk utforming kjem fram av vedlagte «Prinsippkisse».

5. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyvet bli trekt tilbake.
6. Det må opparbeidast tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve med omsyn til nabo- og eigedomstilhøve knytt til bruk og opparbeiding av avkøyrslé, frisiktsoner og tilkomstveg må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Slike rettar bør tinglysast.
8. Fører avkøyrsla over veggrøft, må det leggast stikkrenne med diameter på minst 300 mm og i tilstrekkeleg lengde, sjå vedlegg *Krav til utforming av privat avkøyrslé*.

Bakgrunn for vedtaket:

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs veggen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den veggen det er søkt om avkøyrslé frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 850. Gjeldande vegstrekning er klassifisert til Haldningsklasse 2 jf. *"Rammeplan for avkøyrslé og byggjegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)"*.

Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrslé. Statens vegvesen var på synfaring på staden 28. november 2016 og fann at avkøyrslé tilfredstilte dei krav vi stiller til utforming (*sjå vedlagt Prinsippskisse*).

Fylkesvegen har ei streng haldningsklasse jf. Rammeplanen, der ein normalt ikkje gjev løyve til nye avkøyrslé. Med bakgrunn i mellom anna fartsgrense, ÅDT og antal brukarar i avkøyrslé har vi funne grunnlag for å tillate utvida bruk av avkøyrslé i dette tilfellet.

Rett til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jf. forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – uker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland Fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør


Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg: Prinsippskisse


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fv: 565 Hp: 50 Km pel: 0,517 Stad: Gnr 60 bnr 18 Radøy Saksnr: 16/175732